

# Flagget til topps i Lavik

Lavik sjukeheim blir ikkje lagt ned. Flagget gjekk til topps i Lavik i går, då kommunestyret i Høyanger samrøystes vedtok å opprettholde sjukeheimen. Avdelingssjukepleiar Torunn Styve Hjelmeland er ein av dei som har grunn til å vere ekstra fornøgd. For i same møtet vedtok politikarane også å oppretthalde Lavikdal skule, der Hjelmeland er foreldrerådsleiar. Side 4

# Jubel på gamleheimen

**Lavik Sjukeheim får leve. Vedtaket frå eit samrøystes kommunestyre i Høyanger blei mottatt med stor glede og jubel hos både pasientar og tilsette i går. Og dagen blei feira med marsipankake og kaffi.**

FIRDA
ROY RAASHOLM FAUSKE

– No er jula komen også til Lavik. Dei siste vekene har eg ikkje orka å tenkje på at det snart er jul, seier ei tydeleg rørt Liv Helga Nybø, tillitsvald for helse- og sosialforbundet ved Lavik Sjukeheim.

Både tilsette og bygdefolk har kjempa ein hard kamp for å få behalde gamleheimen, og Nybø legg ikkje skjul på at det til tider har gått utover familien.

Trugsmålet om nedlegging har lagt ein dempar på julestemninga hos både pasientar og tilsette ved sjukeheimen i ferjebygda. Men skal vi tru Nybø er både julestemninga og arbeidslysta no tilbake.

## Ap snudde

Nybø var på nattevakt då morgonradioen i går melde at Arbeidarpartiet likevel gjekk inn for å oppretthalde sjukeheimen, og at nedleggingsspøkelset såleis med eitt var borte. Saman med SV gjekk nemleg Ap i formannskapet inn for nedlegging.

– Eg blei kjempeglad. Eg fortalde nyhenda til eit par pasientar, som også blei glade og sa at «no kan vi sove fredeleg ei stund til», fortel ho.

## Enorm støtte

Kollega og avdelingssjukepleiar Torunn Styve Hjelmeland er ikkje mindre glad. I går jubla ho for to sigrar. Ikkje berre fekk Lavik behalde sjukeheimen, men kommunestyret gjekk også inn for å oppretthalde Lavikdal skule, der Hjelmeland er foreldrerådsleiar. Ho trur kampen har styrka samhaldet i grendene i Lavik og på Høyanger sørside.

– Vi har opplevt ei enorm støtte, den har berre vore heilt utruleg. Støtta har varma og den har gitt oss styrke til å stå på, seier Hjelmeland.

Verken ho eller Nybø trur saka ville fått dette utfallet om ikkje bygdefolk og tilsette hadde mobilisert og sett fokus på saka så sterkt som dei gjorde.

## Håpar på ro

No håpar dei tilsette at politikarane let sjukeheimen få vere i fred. Den sterke mobiliseringa trur dei vil gjere det vanskeleg for politikarane på ny å føreslå nedlegging.

– Vi har lært at det er viktig å stå på og ikkje gi opp ved første sverdslag, seier Hjelmeland til Firda.

– Eg håpar at politikarane har forstått at vi meiner alvor, legg styrar Inger af Geijerstam til.

Når politikarane skal drøfte helsetilbodet i samband med økonomiplanen, håpar Hjelmeland at også dei tilsette får vere med på planlegginga av framtidas helseteneste i Lavik.

– Den enorme støtta vi har fått gjer at det skal bli moro å gå i gang med dette arbeidet, når vi veit at dette betyr så mykje for så mange, held Torunn Styve Hjelmeland fram.



*GLEDE: – Vedtaket gler meg langt inn i sjela, seier Betsy Brekken (99), som bur på helsesenteret vegg i vegg med sjukeheimen. Matlysta og humøret var på topp i går, då meldinga frå Høyanger kom.*

## Glad på vegner av sonen

Også 98 år gamle Bertine Hjelmeland var glad for vedtaket i kommunestyret, sjølv om ho uansett ikkje hadde reist til Høyanger. Bertine har heile tida gitt klart uttrykk for at ho ville flytte heim att framfor å flytte til sjukeheimen i Høyanger, slik fleirtalet i formannskapet gjekk inn for.

– Eg er mest glad for sonen min på 73 år, som elles hadde måtta stelle for meg, han har nok med seg sjølv, seier Bertine, som elles er kjempenøgd med stellet ho får på Lavik Sjukeheim.



MYKJE STYR: 98 år gamle Bertine Hjelmeland (t.v.) vann kampen om sjukeheimen. Ho feira dagen med marsipankake og besøk av Vestlandsrevyen.